



# ÅRSMELDING 2016



KVITSEID SOKNERÅD

# ÅRSMELDING 2016

## 1. ALLMENT

Kyrkja har ein viktig plass, som ei levande folkekyrkje som møter menneske i alle aldrar og på ulike stader i livet med forkynning, omsut, opplæring og fellesskap. Vi treng kyrkja som ein møteplass der folk kan oppleve tryggleik i fellesskap med andre.

Ansvar for soknerådet sin økonomi ligg i hovudsak på kommunen etter § 15 i Lov om Den norske kyrkje (Kirkeloven, KL). Soknerådet sitt arbeid i soknet er dessutan bygd opp om friviljug innsats med innsamla midlar. Her er mykje og uvurderleg arbeid lagt ned

I ein kommune med berre eitt sokn er det soknerådet som utøver dei funksjonar som fellesråd elles har. Dette er difor den første årsmeldinga for det nye samanslegne Kviteseid Sokneråd i og med at dei 4 sokna (Brunkeberg, Vrådal, Fjågesund og Kilen, og Kviteseid) frå nyåret 2016 vart slegne saman til eitt sokn. Ein eitt-sokns kommune skal heller ikkje ha eige fellesråd, då soknerådet har fellesråd-funksjonar. 2016 er difor det fyrste året med eit samla budsjett og eitt rekneskap.

## 2. MÅLSETJING

Soknerådet si målsetjing og oppgåve er todelt:

1. Dei tidlegare fellesrådfunksjonane: å ta vare på, forvalte og drive kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen etter gjeldande lover, og på ein tenleg måte for kyrkjelyden og kommunen sine innbyggjarar.
2. Og kyrkjas viktigaste oppgåve: å stå til teneste for innbyggjarane i kommunen; praktisk, åndeleg og medmenneskeleg i alle livssituasjonar.

## 3. ANSVAR

Soknerådet har etter kyrkelova mellom anna ansvar for

Etter §14:

- *Drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar (kyrkjegardar).*
  - Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar): Kviteseid kyrkje og kyrkjegard, Kviteseid gamle kyrkje og kyrkjegard, Brunkeberg kyrkje og kyrkjegard, Vrådal kyrkje og kyrkjegard, Vrådal gamle kyrkjegard, Fjågesund kyrkje og kyrkjegard og Kilen kapell og kyrkjegard.
- *Stillingar / personell.*
  - Kviteseid sokn har 6 tilsette i til saman 3,77 årsverk: Her er to kvinner og 4 menn. Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som tilfredsstillande.
  - Soknepresten er tilsett og løna av bispedømmerådet.
- *Administrative og økonomiske oppgåver i soknet:*
  - Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek i vare interesser soknet har. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjevevja er dagleg leiar for verksemda og har i 2016 vore sakshandsamar for det nye soknerådet.

Etter §9 « skal (soknerådet) ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet»

- kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni
- innsamling av midlar til eigen verksemd

## Årsmelding 2016 for Kviteseid Sokneråd

- forberede og gjennomføre menighetsmøte etter §10

### 4. SAMANSETJING AV SOKNERÅDET

§ 12 i kyrkjelova handlar om samansetning av fellesrådet. Sidan Kviteseid no berre har eitt sokn, er det soknerådet som har funksjon som fellesråd. Soknerådet skal etter § 6 i kyrkjelova og vedtak i menighetsmøte vere samansett av sokneprest og 8 rådsmedlemmar (kan vere 4, 6, 8 eller 10) med 5 varamedlemmer. Kommunen vel eit medlem som tiltrer rådet i 'fellesrådssaker', og har ein personleg vara. Rådsmedlemmene er valde frå kvart av dei tidlegare sokna Brunkeberg, Kviteseid, Vrådal og Fjågesund/Kilen

### 5. FELLESRÅDETS MEDLEMER

Det var kyrkjeval i 2015. Då vart desse medlemmer og varamedlemmer valde, og har sete i rådet i 2016:

- |   |  |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Håkon Birkeland, leiar til november, nestleiar etter det</li><li>• Hans Kristian Aabø, leiar frå november</li><li>• Inger Lise Berge</li><li>• Vidar Syrtveit Mikalsen</li><li>• Marit Gotuholt</li><li>• Magnhild Vaagen Kvalbein</li><li>• Hanne Julie Roholdt</li><li>• Gunn Karin Eikåsen</li></ul> | <p><u>Vararepresentantar:</u></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Reidun Øvrebø Fisketjønn</li><li>2. Astrid Grave Aase</li><li>3. Jan Rune Bjørnson</li><li>4. Sveinung Råmunddal</li><li>5. Kerstin Gruss</li></ol> |
|---|--|

Kommunerepresentant: Tore Åsland med vara Bjørn Nordskog.

Sokneprest: Torstein E. Nordal (t.o.m mars), Hallvard N. Jørgensen (april-juni) og Rune Lia (juni-desember)

### 6. SAKER

Soknerådet har i 2016 handsama 74 saker fordela på 7 møter. I tillegg hadde arbeidsutvalet (AU) 3 møter. Her fylgjer stikkord frå sakene for kvart møte i 2016:

**27. januar:** Møte saman med biskopen, plan for trusopplæring, visjonar og mål m.m.

**2. mars:** Rekneskap fellesråd 2015, avvikling av fellesråd (samanslåing av alle budsjett og rekneskap), delegasjonsrelement m.m.

**6. april:** Trusopplæringsprosjektet, tilsetjingsprosess ny sokneprest, årshjul m.m.

**1. juni:** Rekneskap 1. kv. (fellesrådet og samanslått sokneråd kvar for seg), revidert budsjett (første for nytt sokneråd inkl. fellesråd), ny økonomiplan, måling Fjågesund kyrkje, trusopplæringsplan og utval m.m.

**24. august:** Oppsummering kyrkjemubilea, Trusopplæring, Barne og ungdomsarbeidar / gjevarteneste, jolebasar m.m.

**28. september:** Fellesmøter, plan for gudstenester 2017

**9. november:** Rekneskapsrapport, forordna gudstenester, ofringar 2017, avtale om diakoni for Vest-Telemark, konstituering av leiar og nestleiar for 2017. 2. gongs utlysing sokneprest m.m.

### 7. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2016 ansvar for 3,77 årsverk fordelt på 6 tilsette:

- Olav Nordskog i 80 % stilling som kyrkjevevjerje i januar, blei etterfølgt av Kristen Salmelid frå februar.

## Årsmelding 2016 for Kviteseid Sokneråd

- Dagfinn Køhn i 100 % stilling som organist.
- Jan Gunnar Haugen i 100 % stilling som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar.
- Håkon Heggveit i 50 % stilling som kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar.
- Ellen Katrine Køhn som klokkar i Kviteseid kyrkje i 6,77 % stilling.
- Svanhild Fidjeland i 40% stilling som sekretær.

I tillegg har vi arbeidsavtaler med vikarar på dei aktuelle områda.

Det er også innleigd ekstrahjelp til vedlikehald på kyrkjegardane i sumarhalvåret og til noko vedlikehaldsarbeid.

### Tilsette av Bispedømerådet:

- Sokneprest Torstein Eidem Nordal i 100 % stilling, fråtrede si stilling 1. april 2016.
- Sokneprest Hallvard N. Jørgensen i 50 % stilling, slutta i juni 2016.
- Prostiprest Rune Lia har fungert som sokneprest i Kviteseid sidan 7. mars.

## 8. TENESTER I KYRKJENE

*Skjemaet viser tala samla for 2016, som kan samanliknast med tala samla og for kvart av dei gamle sokna for åra 2015 / 2014 / 2013.*

| Sokn                                   | 2016           | Samanlagt tidlegare år | Kviteseid           | Brunkeberg   | Vrådal       | Fjågesund og Kilen |
|--|----------------|------------------------|---------------------|--------------|--------------|--------------------|
| Gudstenester/møte                      | 71             | 82 / 82 / 93           | 45 / 44 / 37        | 14 / 14 / 19 | 13 / 14 / 23 | 10 / 10 / 14       |
| Vigsler                                | 3              | 6 / 3 / 4              | 4 / 3 / 3           | 0 / 0 / 0    | 1 / 0 / 0    | 1 / 0 / 1          |
| Gravferder                             | 36             | 36 / 28 / 33           | 12 / 12 / 13        | 13 / 6 / 12  | 8 / 7 / 7    | 3 / 3 / 1          |
| Døypte                                 | 16             | 16 / 13 / 17           | 7 / 8 / 9           | 6 / 1 / 2    | 1 / 4 / 2    | 2 / 0 / 4          |
| Konfirmantar                           | 20             | 28 / 26 / 16           | 11 / 18 / 6         | 12 / 4 / 6   | 4 / 4 / 3    | 1 / 0 / 1          |
| Andakt i institusjonar                 | 15 ***         |                        |                     |              |              |                    |
| Kulturarrangement                      | 3              | 6 / 5 / 7              | 4 / 4 / 3           | 1 / 0 / 1    | 1 / 1 / 2    | 0 / 0 / 1          |
| Frivillige (registrerte)               | 90             |                        |                     |              |              |                    |
| Kyrkjeofringar + gåver / messer (1000) | 214 +<br>96 ** | 222 / 299 /<br>444*    | 151 / 207 /<br>343* | 27 / 35 / 46 | 34 / 42 / 38 | 11 / 15 / 17       |
| Av dette til eiga verksemd (1000)      | 44 +<br>40 **  | 21,6<br>/ 79 / 238*    | 63 /<br>216*        | 3 / 8        | 10 / 11      | 3 / 3              |

\* Gåve frå banken til nytt flygel i 2013:155 000

\*\* Ofringar på gudstenester + gåver og anna innsamling

\*\*\* Usikkert tal

## 9. INNMELDE / UTMELDE

Medlemmer i Den norske kyrkja, Kviteseid sokn

2016: Innmelde: 1 person. Utmelde: 16 personar. Totalt medlemmer: 1845

2015: Innmelde: 1 person. Utmelde: 4 personar. Totalt medlemmer: 1918

(Fordelt slik: Kviteseid: 922, Vrårdal: 405, Brunkeberg: 519, Fjågesund og Kilen: 72)

2014: Innmelde: 1 person. Utmelde: 7 personar.

## 10. VIDAREFØRING AV PLANLAGDE OG OPPSTARTA AKTIVITETAR

- Sikring av dei elektriske anlegga i kyrkjene vart fullført med noko arbeid i Fjågesund våren 2016, og i Kviteseid med nedgraving av lynavleiar.
- Utvendig vask og flekk-grunning av Brunkeberg kyrkje vart gjort hausten 2016.
- Måling av Fjågesund kyrkje blei ferdig før det store 100-årsjubileet. Dei sider av tak og veggjar som ikkje vart tatt året før vart måla og tjørebeisa med fleire strok.
- Forbetring av kyrkjegarden i Vrådalen heldt fram også sumaren 2016.
- Undersøking og vurdering av taka blei utført i 2015. Soknerådet har i 2016 vedtatt at det skal lagast ein grundig tilstandsrapport med kostnadsoverslag med tanke på renovering av taka på Kviteseid gamle kyrkje og Vrådalen kyrkje.
- Råte i golv i kyrkjestova i Brunkeberg er avdekket. Rapport frå fagfolk vil seie noko om omfanget av naudsynt reparasjon.
- Rydding av tre og kratt ved Kviteseid kyrkjegard er årleg vedlikehald. Spesielt for 2016 er ynskje frå dugnadsfolk om at nokre store tre på den eldste delen vert felte. (Det er i gong i 2017.)
- I Fjågesund har vegen til kyrkjegarden til tider vore svært dårleg. Ei større fornying vart starta hausten 2016 med felling av fleire tre langs vegen. Det som står att for våren 2017 er ein skikkeleg grøfting, skraping og tilkøyring av god masse.
- Måling av innvendige veggjar, golv og benkar i Kviteseid kyrkje vart ferdig til 100-årsjubileet sumaren 2016. Våpenhus og gangar, samt tredørene utvendig vart også tekne.
- Blyglasvindauge i Fjågesund: små hol blei reparerte våren 2016. Arbeidet held fram i 2017.
- Blyglasvindauge i Kviteseid må forsterkast. Investeringstilskot til dette kjem frå kommunen i 2017.
- Det same gjeld til brannvarslingsanlegg i Kviteseid kyrkje.

### Anna drift:

- Ein stor tilhengar vart seld og byta med ein like stor. Men den nya har tipp som gjer at påkøyring av stor grasklyppar er enklare, og den har enkel aksling som gjer den lettare og innan grensa for det ungdom med gyldig førarkort kan trekkja sumarstid.
- På legatgravene vart det satt ned sjølvvanningskassar som gjer det lettare å vedlikehalde om sommaren.

### Dugnad på kyrkjegardane:

Det vart som vanleg utført annonsera oppryddingsarbeid på dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok.

## 11. ØKONOMI

Frå 1. januar vart dei 4 tidlegare sokneråda samanslegne til eitt, og fekk felles kasse og bankkonti. Frå 1. april blei så soknerådsrekneskapet avslutta og slege saman med tidlegare fellestråd sin økonomi fordi vi berre har eitt sokneråd og er ein såkalla eitt-sokn-kommune. Alt dette soknerådet har ansvar for vart etter økonomiforskrifta samla til eitt budsjett som blei vedteke 1. juni 2016. Rekneskapen for resten av året er førd i forhold til dette budsjettet.

Oppsamla midlar i dei tidlegare sokna er avsett på bunde fond. Berre midlane frå Vrådalen er i 2016 vedtatt bruka til dei bestilte ikona.

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopplæring kjem tilskot direkte frå staten. Anna inntekt er hovudsakeleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, julemesse, gåver til kyrkjebladet, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon.

Alle tala vidare for 2016 er før revisjon og eventuelle endringar som fylgje av den.

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2016 på kr. 3.129.000 (2015: kr 2 989 000), ein auke

## Årsmelding 2016 for Kviteseid Sokneråd

på kr. 140.000

Samla driftsinntekter i 2016 var kr 5.038.143 (2015: Fellesrådet: kr 4.116.833, + sokneråda, ein auke på kr 921.310)

Samla driftsutgifter var kr 4.560.248 (2015: Fellesrådet: kr 4 026 695, + sokneråda, ein auke på kr 533.533. Her er inkludert oppsamla midler frå dei gamle sokneråda, som er avsett til bundne fond.

Drifta hadde i 2016 eit netto overskot (regnskapsmessig mindreforbruk) på kr 202.964 (2015: kr 319.230 for fellesrådet samt resultat frå dei tidlegare sokneråda)

Det vart ikkje gjort investeringar utover det som var dekt av driftsrekneskapen fordi vi ikkje fekk investeringstilskot i 2016.

Vi viser elles til rekneskapen for soknerådet utarbeidd av kommunen.

## 12. SOKNERÅDET SITT ARBEID

Det ligg føre eigne årsmeldingar frå organisten, diakonitvalet og føremiddagstreff, prostidiakonen og jubileumskomiteen for Fjågesund og Kviteseid kyrkjer.

### Trusopplæringa 'Størst av alt'

Utdelingar / arrangement:

- Sundagsskulearbeidet. I 2016 har det vore 9 sundagsskulesamlingar i Barnas Kapell under gudstenesta.
- Babysang
- Utdeling av dåpsgåver, 4-årsbok, adventskalendar til 5-åringar
- Konfirmantarbeidet 'Ønsket og elsket' hadde ein vekes leir på Gjennestad i juni for konfirmantane for dette skuleåret. Det er 24 som fylgjer undervisninga denne vinteren. Dette kullet har i 2016 etter leiren hatt 4 samlingar i tillegg til deltaking på gudstenester. Alle var med på lysmessa. Alle konfirmantane er med som minestrantar på gudstenester, 2-4 kvar gong. Undervisninga fortsett våren 2017 fram til konfirmasjonane i mai/juni.
- Trusopplæringsutvalet har i 2016 hatt få møter. Rådet har bestått av Vidar Syrtveit Mikalsen, Eli Rognsvåg og Gunnar Salmelid. Soknerådet ynskte ei dobling av talet på medlemmar i utvalet, men har ikkje lukkast med å finne nye.
- Trusopplæringsplanen vart i 2016 ferdig utarbeida av koordinatoren Stine Beate Mondal Ljostad og kyrkjevevjen, gjennomgått av soknerådet og sendt til bispedømekontoret for godkjenning. Den er venta godkjend for 2017. Soknerådet løner koordinatoren saman med andre kommunar i Vest-Telemark fram til og med juli 2017.

Soknerådet ynskte å ha born og unge som sitt satsingsområde, men det har vorte litt skadelidande i og med situasjonen vi har hatt på prestesida med to faste som slutta, der særleg Torstein hadde stort fokus og engasjement for dei unge. Vikarprest i berre 100 % stilling har naturleg nok ikkje makta å fylgje opp alt dette. Manglande utviding av trusopplæringsutvalet kan og vera medverkande årsak.

### Misjonsprosjekt:

Kyrkjelyden har som sitt misjonsprosjekt i 2016 hatt Rachel Trovis arbeid ved Ma'Ma Children's Center of Norway i Manila. Det er sendt kr 46 072,- til dette.

### Diakoni:

Godhetsveka 2016

vart gjennomført i mai i samarbeid med dei andre forsamlingane i Kviteseid, og avslutta med ei godhetsgudsteneste på Misjonshuset. Inkludert styringsgruppa var 60 personar involvert. Av desse var 10 stk. barnefamiliar som var med på eit søppelplukking prosjekt.

Talet på utførte arbeidsoppdrag var 23. Det var mykje hagearbeid, noko husvask og litt reparasjonar og vedlikehaldsarbeid. Det vart utført vel 200 timar med dugnad. Flott å kunne

## Årsmelding 2016 for Kviteseid Sokneråd

vera saman på tvers av menigheitene. God respons og takksemnd hos mottakarane. Mai er god tid for Godhet.

Syner elles til eigen rapport frå diakoniutvalet.

### Bispevisitas:

Biskop i Agder og Telemark bispedømme, Stein Reinertsen vitja Kviteseid tysdag 26. til søndag 31. januar 2016. Det var eit tett program med besøk, samtalar og deltaking på møter og arrangement.

Visitaprotokollen inneheld Visitasforedraget, referat frå møter og samlingar, og rapportar frå kontorvisitas og synfaring.

Biskopen kom med 7 oppfordringar til kyrkjelydane for det vidare arbeidet:

1. Den store 'Vi-følelsen'
2. Trusopplæring
3. Skule – kyrkje samarbeid
4. Diakoni
5. Nye landsmenn
6. Ungdomsarbeid, og
7. Vidareutvikling av stabs-samarbeidet i kyrkjelydane.

### Kulturarbeid, spesielle messer og anna:

|                |  |
|----------------|--|
| 26.-31. januar | Bispevisitas<br>26.: Temakveld om misjon på Misjonshuset<br>27.: Kveldsbøn i Kviteseid kyrkje<br>28.: Liturgisk musikkandakt i Vrådal kyrkje<br>31.: Visitasgudsteneste i Kviteseid kyrkje og visitasfest på Misjonshuset<br>I tillegg hadde biskopen møte med kommuneleiinga, besøk på skular og bedrifter m.m.   |
| 13.mars        | Avskilsgudsteneste for sokneprest Torstein Eidem Nordal  |
| 26.juni        | Avskilsgudsteneste for sokneprest Hallvard Nordbø Jørgensen  |
| 11.desember    | Adventskonsert i Kviteseid kyrkje  |
| 15. desember   | Adventskonsert i Vrådal kyrkje.  |
|                | Andre konsertar i Kviteseid kyrkje:<br>28.januar: Konsert med Veslehøtt i Vrådal kyrkje<br>7.februar: Kjetil Flatland<br>8.april: Maria Arredondo og Torstein Sødal<br>25.mai: Lars Bremnes<br>26.juni: Operagutta<br>23.oktober: Jon Solberg, Veslemøy Solberg og Sven Ohrvik<br>28.november: Emil Solli-Tangen, Jan Birger Akerhaugen og Knut Olav Sandvik |
| 8.november     | Teater Ibsen framførde «Brand» i Kviteseid kyrkje  |
| 14.november    | Temakveld i Kviteseid kyrkje ved psykiater Arne Austad. Tema: «Sunn og usunn tru - med utgangspunkt i Ibsens Brand»  |
| 9.mars         | Taizémesse med nattverd i Kviteseid kyrkje   |
| Juli           | Kveldsmesser i Kviteseid Gamle kyrkje kvar torsdag i juli. Kyrkjekaffi ved soknerådet  |
| 28.oktober     | Ljosmesse i samarbeid med russekoret frå Kvitsund i Kviteseid Gamle kyrkje.  |
| 25. september  | Hautttakkefest vart avhalden i Vrådal kyrkje   |
| 15.mars        | Fasteaksjonen gjennomført med innsamling til Kirkens Nødhjelp ved hjelp av konfirmantane og andre frivillige.  |
| 24. januar     | Felles familiemøte på Misjonshuset saman med dei andre forsamlingane (Betel, Fredheim og Misjonshuset)   |
| 11.-13. mars   | Felles møtehelg på Misjonshuset (avslutta med gudsteneste i kyrkja) med talar  |

## Årsmelding 2016 for Kviteseid Sokneråd

|               |   |
|---------------|---|
|               | Torstein E. Nordal.   |
| 25. september | Felles songmøte på Sundvang   |
| 26. november  | Basar på Misjonshuset ved soknerådet og gode frivillige. Her var det mange frivillige som la ned eit stort arbeid. Totalt kom det inn kr 55.622,-, veldig likt året før. Av dette vart kr 15.000 sendt til misjonsprosjektet, mens resten gjekk til soknerådsarbeidet |

### Nytt inventar og utstyr:

- 4 nye ikonar til Vrådal er ferdige (overrekking og innviing i januar 2017)
- 30 nye salmebøker vart innkjøpt til Kviteseid

### 100-årsjubilea for kyrkjene i Fjågesund og Kviteseid:

Sjå eigen rapport frå jubileumskomiteen.

### Kyrkjelydsutval:

Kyrkjelydsutvala gjer eit godt arbeid med å oppretthalde god kontakt mellom grendene og dei lokale kyrkjene etter at dei tidlegare sokneråda vart lagt ned. Utvala syter for kyrkjekaffi, blommar til messene og ulike praktiske oppgåver ved ulike tilstellingar. Desse har i 2016 vore i dei forskjellige utvala:

Brunkeberg: Kerstin Gruss, Reidun Fisketjønn, Astrid G. Aase, Eli Rognsvåg

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund, Monica Haugestøl, Anette Rønningen

Vrådal: Hanne Roholdt, Anne Lise Strand, Marit Sørby, Jan Gunnar Breivik og Astrid Breivik. Astrid Breivik har også vore fast frivillig klokkar i Vrådal.

Kviteseid: Tjodvor Syftestad, Hadle Hovda, Åse Nordskog, Kirsti Skjæveland, Magnhild Kvalbein  
I Kilen laga Svein Asle Holberg i stand eit fint alternativt julebord etter gudstenesta 18. desember.

### Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet kom i 2016 ut med fire nummer.

Redaksjonen bestod av Olav Mosdøl, Niklas Karlsen og sokneprestane Torstein Eidem Nordal, Hallvard Jørgensen og Rune Lia, i tur og orden. Svanhild Fidjeland har også vore med som tilsett. I 2016 skulle soknerådet finna ein etterfylgjar etter Hadle Hovda som gjekk ut av redaksjonen i 2015, men det er ikkje blitt gjort. Inntektene til bladet var noko mindre i 2016 enn normalt. Det kan skuldast at det ikkje blei med giro i det eine nummeret.

### Andre komitear:

- I komité for Godhetsveka 2016 møtte for soknerådet Kerstin Gruss saman med representantar frå Fredheim, Betel og Misjonshuset
- I komité for Fellesmøtene 2016 møtte for soknerådet Torstein Eidem Nordal, etterfølgd av Håkon Birkeland, saman med representantar frå Fredheim, Betel og Misjonshuset

Kviteseid, 1. mars 2017

Hans Kristian Aabø  
Leiar Kviteseid Sokneråd

Rune Lia  
Sokneprest

Kristen Salmelid  
Kyrkjeverje